



# Årsmelding 2025

## Ytre Arna sokn



DEN NORSKE KYRKJA



## Arbeidet i Ytre Arna sokneråd

Ei av dei viktige oppgåvene i soknerådet er å skaffa pengar til vedlikehald av kyrkjelydshuset som me eig og driftar. Den årlege basardagen i mars, vart denne gongen kalla ein familiedag, der me starta med konsert i kyrkja. Dei ulike brukarane av kyrkjelydshuset presenterte seg gjennom ord og tonar. Non Stop Singing og Ytre Arna Vokal song, organist Jørn Skauge deltok på orgel og flygel, Marit Austnes fortalde om Saniteten og det var andakt ved Ingvar Fløysvik. Etterpå var det lapskaus, kaffi og kaker før dei vanlege basaraktivitetane starta. Denne dagen vart det òg starta ein spleisaksjon som strekte seg til ut juni, der pengane og gjekk til kyrkjelydshuset.

I juni var me ei lita gruppe som drog på søndagsutflukt til Lindås kyrkje der me deltok på gudstenesta og fekk orientering om kyrkja og kyrkjeplassen der. Etterpå reiste me til Kilstraumen og hadde eit hyggeleg måltid saman.

Gjennom året har soknerådet ein gong i månaden stått for Møteplassen i lag med Saniteten. Her møtest kvinner i kyrkjelydshuset over ein kopp kaffi og gjerne eit strikketøy, kvar tredje måndag i månaden, og pratar saman om nytt og gamalt.

Me har òg halde fram med middagsservering den siste onsdagen i månaden. Her er det 25 - 50 born og vaksne som møter opp på tvers av generasjonane til middag, kaker, prat og lek.


Hausten 2025 vart som vanleg 50-årskonfirmantane bedne inn til jubileum. Fyrst gudsteneste og så middag. Då er det alltid god stemning med jubilarar som er veldig glade for å treffast att. Praten sit laust og det er ei god stund for alle.

På hausten inviterte soknerådet til ein interessant Temakveld «Tru og vitskap» med prost Grutle og prest Arne Mulen.


I byrjinga av november var det endeleg fest for dei frivillige. Det var fleire år sidan sist. Litt thaimat og andre smårettar vart servert, folk fekk høve til å snakka saman, medlemene i soknerådet måtte visa kva kunstar dei kunne, og humøret sat laust. Alt i alt ein vellukka kveld.

Takk til alle frivillige medarbeidarar som brukar fritida i fellesskapet i Ytre Arna kyrkjelyd.


*Jorunn Haukås, leiar i soknerådet*



Jorunn Haukås  
Leiar i soknerådet



Ingvar Fløysvik  
Sokneprest



Marianne W. Fanebust  
Dagleg leiar

# Gudstenesteliv

## Gudstenester

I Ytre Arna har me i hovudsak gudsteneste annakvar veke. Dei andre vekene – utanom i sommarferien og rundt jul – er det sundagssamling skiftevis på dei to bedehusa i soknet. Me har hatt forsongarar på dei fleste gudstenestene. Ytre Arna Vokal og barne- og ungdomskoret Non Stop Singing har vore med oss på fleire gudstenester. Arna- og Ytre Arna kyrkjekor har delteke på to gudstenester.

Me har hatt gudstenester for store og små, samtalegudsteneste, konfirmasjonar, konfirmant-presentasjon, utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4- og 6-åringane, delt ut Studiebibel for tweens til 9-åringane, bede inn dei som vart døypte i 2024 til å få dåpshjartet som har hange på dåpstreet frå dåpen og til utpå nyåret, invitert 50-årskonfirmantane til ei gudsteneste med middag etterpå og hatt lysmesse. Julaftan hadde me to gudstenester for små og store. På den første var Arne Musikforening med, på den andre Non Stop Singing.

Me ynskjer å ha sundagsskule i samband med gudstenestene utanom gudstenestene for små og store. Heller ikkje i år har det lukkast å få nokon til å ta seg av sundagsskulen.

I september deltok me saman med dei andre forsamlingane i Arna bydel på fellesarrangementet “Velkomen heim”. Eit møtetelt stod ved Lone camping frå måndag til sundag. Her var samlingar for born i barneskulealder, her var felles øving for barnekor, her var songkveld for vaksne og ungdomskveld. I helga var det fire ulike familieførestillingar. Alle arrangementa var godt besøkte.

I oktober var me med på felles jubileumsgudsteneste i Arna kyrkje i høve at det i 2025 var 100 år sidan Nynorsk salmebok kom ut. Her var òg Noregs mållag med, både lokalt og nasjonalt. Biskopen preika.



## Bibeltimar

Saman med dei to indremisjonslaga i soknet har me hatt seks bibeltimar i 2024, to av dei i kyrkja ved sokneprest Ingvar Fløysvik. Somme gonger har det vore to timar med ein kaffipause mellom. Tidlegare år har bibeltimelhaldarane bestemt emna sjølv, men i år valde me å ha gje timane eit overordna emne og leggja dei tre onsdagar etter kvarandre. I vår tok me føre oss breva til kyrkjelydane i Op 2-3, i haust bønner i Bibelen.

### Temakveld

Øg i år arrangerte kyrkjelyden ein temakveld. I år var emnet "Tru og vitskap". Prosten leidde kvelden, og prest Arne Mulen la fram emnet.

## Tru og vitskap

Temakveld i  
Ytre Arna kyrkje  
torsdag 2. oktober kl. 19

Prost Leif Endre Grutle  
i samtale med prest  
Arne Mulen.



 DEN NORSKE KYRKJA

Arr. Ytre Arna Sokneråd

### Bibelgrupper

For rundt 20 år sidan gjekk kyrkjelyden inn i eit samarbeid med indremisjonslaga på dei to bedehusa om temasamlingar/temagudstenester og cellegrupper. Cellegruppene skulle arbeida med emnet for temasamlinga på førehand, og så skulle dei kvar sin gong ha "teneste" på temasamlingane. Med tida fann fleire av gruppene ut at det ikkje høvde å ha teneste på temasamlingane. Før kovid vart det òg slutt på desse temasamlingane. Gruppene har levd sitt eige liv. Fleire har stoppa opp, medlemmene er trass alt vortne tjue år eldre på desse åra. I alle fall to grupper, ei med menn og ei med kvinner, men truleg ei eller to til, samlast annakvar veke, men heilt uavhengig av kyrkja, og organisatorisk uavhengig frå verksemda på bedehusa. Ei gruppe samlast no ca. ein gong i månaden etter å ha lege nede ei tid. Det er vel den einaste ein kunne forsvare å telja som kyrkja sitt arbeid.

*Sokneprest Ingvar Fløysvik*

# Noa open barnehage

Noa har lagt bak seg nok eit innhaldsrikt år. Besøkstalet har vore godt. Ein god kjerne av familiar kjem nesten kvar dag, og mange droppar innom når det passar.

Hovudfokuset i Noa har vore å ha stabile opningstider og faste rammer. Sangstund og felles måltid er faste postar kvar dag. Dette året har vi hatt mange store barn (3 år og eldre). 3+gjengen har hatt eigne samlingar kvar tysdag.



Ein gong i månaden har vi sangstund i kyrkja saman med Jørn som spelar flygel til songane. Desse samlingane har vore godt likt, nokre har kome eins ærend for å vere med her. Jørn har og hatt to minikonsertar med klassisk musikk, etter ønskje frå foreldre i Noa.



Påske- og julevandringar med prest, trusopplærar og organist er kjekke og godt innarbeida tradisjonar. Markering av høgtidene er gode anledningar til å snakke om både tru, tradisjonar og kultur.

I samarbeid med Indre Arna open barnehage og Sakkeus open barnehage har Noa vore på to utflukter til Soltun Besøkgard. Forpaktarane har tilrettelagt for varierte opplevingar tilpassa årstidene.

I samarbeid med soknerådet har **generasjonsmiddag** siste onsdag i månaden vorte ein fin tradisjon. Over 60 personar har vore innom i løpet av ein ettermiddag. Jorunn har lagt ned eit stort arbeid med å lage varierte, sunne og smakfulle menyar. Høgdepunktet er kaffimaten! Lesestund for barna med ein liten godbit attåt er fast innslag.



Økonomi og forutsigbarhet er eit tilbakevendande tema for dei opne barnehagane. Mykje tid har gått med til møter angående berekning av kommunale driftsmidlar. NÅBO – *nettverket for opne barnehagar i Bergen og omegn*, der styrar er styremedlem, har spelt ei viktig rolle her. Dette året var styret i NÅBO på to møter med kommunen, i tillegg til eigne styremøter. Barnehagemyndigheten i kommunen arrangerte fagdag for tilsette i opne barnehagar, med tema opplysningsplikt, styrar deltok på denne.

Ekstra kjekt var det at styrarane i opne barnehagar i Arna/Ytre Arna og Fyllingsdalen vart invitert til heildagsseminar hos Kunnskapsdepartementet. Temaet var kunnskapsinnhenting frå feltet open barnehage i samband med utarbeiding av ny barnehagelov.

Siste opningsdagen i desember rydda Noa seg ut av lokalet og inntok Ytre Arna bedehus, i påvente av rehabilitering av kyrkjelydshuset.

## Medarbeidarar i Noa dette året:

Jorunn Haukås, vikar

Marlyn Hop, vikar

Håkon Opheim, ekstrahjelp

Luna M. Dimond, frivillig/språkpraksis

Møyfrid N. Opheim, styrar/pedagogisk leiar

Møyfrid Naterstad Opheim, styrar

# Kyrkjeleg undervisning/ trusopplæring

Det var 273 medlemar i aldersgruppa 0-18 år i Ytre Arna.

## Dåp

Borna som vart døypte i Ytre Arna kyrkje fekk namnet sitt på eit dåpshjarte i tre. Hjarto heng på dåpstreet i kyrkja og vert delt ut på ei gudsteneste i februar 2026.



## 1 års - og 2 års dåpsgåve

Vi hadde samling for dåpskontaktane i januar. Ei kjekk samling. Her deler vi dåpsbarna mellom oss og lagar til dåpsgåver.

Dåpskontaktane har ansvar for å dela ut desse gåvene heim til dåpsbarna. Alle døypte får dåpsgåver på 1 og 2 års dåpsdag.



## Barnesong

Det er barnesong i Noa open barnehage. Det er songsamling kvar dag barnehagen er open. Her er Møyfrid (ped. leder i Noa) ansvarleg.

Nokre gonger i halvåret har det vore songsamling i kyrkja med både Møyfrid og Jørn som er organisten vår i Ytre Arna.

## Krøllesamling for 3-åringar

Samlinga vart avlyst i år grunna berre 2 barn påmeldt. Barna fekk i staden ei bok om Krølle levert heim på døra. 2 glade born.

## Utdeling av 4- og 6-årsbok

Vi har hatt utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok på gudsteneste for små og store.

På utdeling av 4-årsbok hadde vi 57% oppmøte, noko som er likt som i fjor.

På utdeling av 6-årsbok hadde vi 50% oppmøte, noko som er lågare enn i fjor.

## Samling for 5-åringar

Julespelet vart halden på plassen utanfor Arna kyrkje. Julespelet var ein suksess, med godt oppmøte. Vi inviterte 5-åringane i Ytre Arna til julespelet og vi hadde 42% oppmøte.

### **Perlesamling for 7-åringar**

Vi inviterte alle 7-åringane i Ytre Arna til ei perlesamling om påska i kyrkjelydshuset. Vi snakka og song om påskehistoria, vi perla motiv frå påskehistoria og vi hadde mat og drikke. Ei kjekk samling for store og små. 67% oppmøte.

### **Utdeling av studiebibel for tweens til 9-åringar**

Vi har hatt utdeling av studiebibel for tweens på gudsteneste for små og store. Dette vart ei kjekk gudsteneste med 50% oppmøte av 9-åringar.

### **«Velkomen heim», inviterte 8-åringar og 10-åringar**

Vart arrangert av Tverrkirkelig Arna, eit samarbeid mellom kyrkjene, bedehusa og andre trussamfunn i Arna. Vi inviterte 8-åringar til ei samling og 10-åringane til ei samling i Velkomen heim-veka. Dei fekk utdelt bok. Vi registrerte 7 stk. 8-åringar og 6 stk. 10-åringar.

### **LysVaken**

Vi har hatt LysVaken for 11-åringar. LysVaken vart avslutta med gudsteneste for små og store. Vi kunne invitera 9 stk. ut i frå medlemslista vår, men sidan vi får koma inn på skulen og informera om LysVaken i 6. klasse får vi alltid eit godt oppmøte. Utruleg bra oppmøte på LysVaken i år med 167% oppmøte.

## **Non Stop Singing**

Er eit kor for born og unge frå 5 til 18 år, har hatt 15 medlemmar. Koret øver i kyrkja kvar onsdag kl.17.30-18.30.

Koret syng i kyrkja på gudstenester for små og store inkl. på julaftan. Inviterte til sommarkonsert 18. juni. Koret song og på julefest på Haugland bedehus i romjula.

Leiar: Marianne Vevle Hjortland

Pianist: Jørn Skauge (1. halvår), Else Linn Myrås (2. halvår).



## **Samarbeid med barneskulen og barnehagar**

### **Vandringar med skule og barnehagar**

Vi inviterer kvart år barnehagane i Ytre Arna til påskevandring og julevandring. Dette er eit godt samarbeid, og barnehagane kjem med fleire grupper kvar. I tillegg inviterer vi barneskulen til julevandring før jul, og her deltek alle elevane.

*Marianne Hjortland, trusopplærar*

### **Barnehage- og kyrkjesamarbeid**

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til påske- og julevandring i kyrkja. Kidsa Festtangen kom med tre gruppe til påske og fem grupper til jul. Ytre Arna barnehage kom med ei gruppe til påske og to grupper til jul. For begge barnehagane er dette ein auke samanlikna med i fjor og tidlegare år. Noa open barnehage deltok både til jul og påske. På vandringane deltok prest, organist og trusopplærar.

### **Skule- og kyrkjesamarbeid**

Øg i år har me hatt julevandringar med Ytre Arna skule. I år hadde me tre stasjonar: Krubba, å teikna noko frå kyrkja og å skriva ned bønne- og takkeemne. Bønneemna la elevane ned i ei krukke. Denne krukka vart teken med i forbøna juledag. Takkeemna skreiv dei på raude hjarte, som vart hengde i lekkjer langs begge sideveggene i kyrkjeskipet. Til slutt samlast borna frå alle stasjonane og song julesongar. Skulen kom fordelt på tre grupper, stort sett etter årskull. Frå kyrkja deltok prest, organist, trusopplærar, vikar for diakon og soknerådsleiar.



Våren 2025 hadde me 18 ungdomar som førebudde konfirmasjonen hjå oss og vart konfirmerte i Ytre Arna kyrkje. Hausten 2025 hadde me 20 innskrivne konfirmantar.

Nokre viktige datoar i 2025:

|                     |                                                   |
|---------------------|---------------------------------------------------|
| 06. april           | Samtalegudsteneste                                |
| 09. april           | Fasteaksjon                                       |
| 27. april og 7. mai | Konfirmasjon                                      |
| 24. august          | Konfirmantpresentasjon                            |
| 19. september       | Felles ungdomskveld i samband med «Velkomen heim» |
| 24. - 26. oktober   | Konfirmanthelg på Gullbotn konferansesenter       |
| 30. november        | Lysmesse.                                         |

### **Konfirmantleiarar våren 2025**

Jorunn Haukås, Helga Tysvær Fløysvik, Elina Riise, Kristin Matos, Peter Lund og Ingvar Fløysvik. Ungdomsdiakon Maria Aasheim Grosås var med når ho hadde høve til det. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

### **Leiarar hausten 2025**

Marlyn Hop, Elina Riise, Kristin Matos, Peter Lund, Lilja Mjelde Jørgensen og Ingvar Fløysvik. Thor Haavik vitja oss ein gong i vår; Astrid Husdal og Ricardo Matos og ein representant for Tro og media har delteke med kvar sitt emne i haust. I haust har Linda Kalsås og Benthe Vevle vore på kjøkkenet. På konfirmanthelga i haust deltok Jørgen Bernes og Helga Tysvær Fløysvik. I tillegg tok Jan Olav Hansen leiinga på kjøkkenet. Her var òg Kjellaug (venninne av Linda) med, i år som i fjor.

Òg i år har me brukt Tentro (frå Pinse Ung) med dei tillegg og tilpassingane me treng. Konfirmantane får utdelt Bibelen og ein perm med blant anna konfirmantarka for kvart emne og Den vesle katekisma. Òg i år har me prøvd, med vekslande hell, å knyta stoffet til perlene i Kristus-kransen. Me har samlast annankvar onsdag i kyrkjelydshuset. Me har prøvd å skapa variasjon ved quizar, leikar og liknande. Så har me, slik som før, avslutta med litt å bita i. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret. I vår hadde me ikkje nokon til å leia songen, så då song me ikkje på samlingane. Men med Marlyn på plass, har me fått syngja litt i haust.

Konfirmantane har vore med på ein ungdomskveld i møteteltet på Lone ein fredagskveld i samband med fellesarrangementet «Velkomen heim».

Alle konfirmantane (i grupper på tre) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkomen i døra, køyra lysbiletepresentasjon osv. Alle konfirmantane har vore med på lysmessa. Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Konfirmantane leverer i staden eit skriftleg arbeid der dei svarar på spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året.

Konfirmanthelga er ein viktig del av konfirmantopplegget. Òg i år var me samla på Gullbotn konferansesenter. Jørgen Bernes var med oss og arrangerte «Gullbotn Challenge». Ein representant for Tro og Media kom og snakka om «ei betre historie» (om identitet, sex og samliv).

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarte.

*Ingvar Fløysvik, sokneprest*



## Kyrkjemusikalsk arbeid

I Ytre Arna kyrkje har det vore gudsteneste omlag annankvar søndag i 2025.

Det har i tillegg vore gudstenester ved høgtider som påske og jul. Konfirmantar har delteke på lysmesse. Noa open barnehage har kome til kyrkja på barnesong, i samarbeid med organisten, ni gongar. Det har vore påske- og julevandringar for barnehagane og skulen, og i tillegg har det vore bibeltimar. Salmar og musikk har det vore med organisten på dei aller fleste arrangementa.

Forsongarar og kor har delteke mykje på gudstenester. Non Stop Singing, som er kyrkjelyden sitt eige kor, har vore med på fleire. I tillegg har dei hatt konsertar og vore med på diverse andre oppdrag gjennom året. Ytre Arna Vokal har delteke ein del gongar, og nokre av kormedlema er forsongarar. Arna og Ytre Arna kyrkjekor har delteke på to gudstenester, og nokre av kormedlema der er også med som forsongarar av og til.

Me er heldige som har forsongarar å spørja til gudstenestene, og i tillegg meldte ei som spelar cello seg til å vera med. Ho gav organisten beskjed i midten av desember og var med på gudsteneste allereie første juledag. Ho har også lyst å vera med ved fleire høve. Me mista diverre ein som var forsongar og også med i Arna og Ytre Arna kyrkjekor etter lang tids sjukdom i haust. Både organisten og koret var med og spelte og song i gravferda hans.

Organisten har tatt permisjon frå korarbeidet med Non Stop Singing frå hausten av og har funne vikar som spelar piano med koret og jobbar ilag med dirigenten. Dagar der vikaren ikkje har kunne vore med koret på gudsteneste, har i staden organisten spelt med dei.

Opp i gjennom året har det også vore konsertar. Kora som er nemnde har hatt fleire. Ein konsert hadde temaet filmmusikk og denne var det songaren Chris Lund og organisten som stod for. Dette var i samarbeid med Kulturdagar i Arna og det kom ein del besøkande i kyrkja på konserten. I tillegg har det vore konsertar ved ulike andre høve, som på barnesong, basar og frivilligfest. Sistnemnde var ei feiring for dei frivillige i november, med konsert i kyrkja og mat i kyrkjelydshuset etterpå.

Alt i alt har det vore eit innhaldsrikt og musikalsk år for Ytre Arna kyrkjelyd.

*Jørn Skauge, organist*

## Ytre Arna Vokal

Er eit blandakor som øver i Ytre Arna kyrkje kvar torsdag kl.1900-2130. For vaksne opptil 60 år, ca. 15 medlemer. Koret har eige org.nr. og rekneskap. Koret deltek på 8 gudstenester gjennom året. Koret inviterte til sommarkonsert 13. juni og julekonsert «Feeling of Christmas» 19. desember. Bjørn Bergmann er dirigent og pianist, leiar er Anita Frekhaug.

# Arna og Ytre Arna kyrkjekor

## Styret

|                |                                      |
|----------------|--------------------------------------|
| Leder          | Julie Kristiansen                    |
| Nestleder      | Kirsti Rolland                       |
| Kasserer       | Marianne Fanebust                    |
| Skriver        | Anne Silje Leite Birkelund           |
| Styremedlemmer | Alice Bjørnstad og Jan Kåre Jakobsen |
| Valgkomité     | Astrid Hagebø og Leif Grøteide       |
| Dirigent       | Olav Arne Steinkopf                  |



## Program våren 2025

Deltakelse på ordinære gudstjenester:

|                  |                 |
|------------------|-----------------|
| Ytre Arna kyrkje | 1 gudsteneste   |
| Arna kyrkje      | 3 gudstjenester |

8. mai Fredskonsert i Arna kyrkje

6. februar Årsmøte. Julie Kristiansen ble ny leder.

20.-22. juni: «Rydd vei for Herren». Markering av 50 års jubileum i Molde domkirke.

Antall ordinære øvinger: 11 st.

## Program høsten 2025

«ALLSANG i teltet» 18. september: koret sang i møteteltet på Espeland i forbindelse med teltaksjonen "Velkommen hjem". Viggo Klausen og tverrkirkelige menigheter i Arna bydel deltok.

Deltakelse på ordinære gudstjenester:

|                  |                  |
|------------------|------------------|
| Arna kyrkje      | 1 gudstjeneste   |
| 2. november      | Allehelgensmesse |
| Ytre Arna kyrkje | 1 gudstjeneste   |

18. desember sang koret på julekonsert i Arna kyrkje. Salen var mer enn fullsatt med 398 til stede. Proffe musikere og solister ble innleid.

Avslutning 19. desember.

Kyrkjekoret var deltakere i nærheten av mikrofoner på alle NRK-gudstjenestene i Arna kyrkje.

Antall aktive medlemmer i koret på slutten av semesteret: 16 st.

Mangeårig kormedlem Tor Nævdal gikk bort i september.

*Anne Silje Leite Birkelund, skriver*

# Diakoni

Diakoni er kyrkjas omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

## Generasjonsmiddag


Ein onsdag i månaden innbyr soknerådet og Noa open barnehage til middag og fellesskap for alle generasjonar! Mellom kl 14 og 17 vert det servert god heimelaga middagsmat med noko søtt attåt. Og det kanskje aller viktigaste for mange – den gode praten – får ein på toppen! Barna kan leike og ha det kjekt både inne og ute. Maten er gratis. Det er ingen påmelding, her er det berre å kome!

## Møteplassen

Eit samarbeid mellom kyrkjelyden og Ytre Arna Sanitetsforening. Tredje måndag kvar månad kl.12-14. Ein plass å samlast med prat, kaffi og kanskje handarbeid.

## Open kyrkje

Kyrkjetenaren held kyrkja open kvar onsdag mellom kl.11.30-13.00. Ein kan koma inn og tenna eit lys, eller berre sitja og nyta freden.



# Ungdomsdiakon

Ungdomsdiakon i Ytre Arna deler sin stilling med Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbodet 13-20 i Bergen, og i Ytre Arna, har også i 2025 møtt ungdom til enkeltsamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeid, ulike ungdoms-arrangement og leir. Ungdomsdiakon i Ytre Arna er med og driv sorggruppearbeid for born og unge, saman med diakon i Åsane og i Skjold. Dette året har ungdomsdiakonen hatt permisjon frå februar ut mai, og det har vore ein vikar inne i delar av arbeidet denne tidsperioden. Etter permisjonen er ungdomsdiakon i 70 % arbeid, med vikar for noko av arbeidet i Ytre Arna. Disse permisjonane får innverknad på gjennomførte samtaler og ungdom som har vore følgt opp. Det er vanskeleg å skilja ut tal for Ytre Arna, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 55 enkeltsamtaler med ungdom, i tillegg til oppfølging av foreldre, føresette og nettverk. I samtalene for ungdomane kome og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint. Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksam for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.

Noen å snakke med om ...

|               |                     |                   |
|---------------|---------------------|-------------------|
| ... familie?  | ... uro?            | ... tunge tanker? |
| ... skole?    | ... tro?            | ... sorg?         |
| ... vennskap? | ... noe helt annet? |                   |

**13-20**  
et samtaletilbud for alle mellom 13 og 20 år

Vi er også i:  
Åsane  
Loddefjord  
Olsvik  
Sentrum

Maria Aasheim Grosås  
Ungdomsdiakon og sosionom

Arna og Ytre Arna  
Bare send en melding:  
413 60 923

[www.13-20.no/bergen](http://www.13-20.no/bergen)

Maria Aasheim Grosås, ungdomsdiakon

## Misjonsprosjektet



Ytre Arna kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt er China Lutheran Seminary i Hsinchu, Taiwan.  
I 2025 ble det samla inn kr 20.540, - i takkoffer og givarteneste som er sendt til seminaret.

Taiwan, offisielt Republic of China, er ein moderne republikk, ein folkerik øystat med 23,5 mill. menneske. Det er rundt 5,5% kristne, litt fleire protestantar enn katolikkar. Seminaret utrustar menneske til å forkynna evangeliet. Dei som vert utdanna der står i ei verd der dei fleste er opptekne av å tena pengar eller dyrkar andre gudar. Studentane vert utrusta til å byggja opp kyrkjelydar i dette miljøet og forkynna glede bodet om frelsaren som er komen, til menneske som ikkje kjenner han.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  <b>中華信義神學院</b><br>China Lutheran Seminary<br><small>30080 新竹市東區大學路51巷11號 Tel: 83-520623 Fax: 83-5126425<br/>         #11, Lane 51, Taohsueh Rd., Hsinchu, 300, Taiwan 臺灣省新竹市東區大學路51巷11號</small> |  | No. 20260100291<br>財團法人基督教中華信義神學基金會<br>China Lutheran Theological Foundation, Inc.<br><small>法人登記證警登記簿第九冊第二九頁第二〇二號<br/>         統一編號: 98273406 郵政劃撥: 0112188-1</small> |
| <b>奉獻收據</b><br>OFFICIAL RECEIPT                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |
| 茲收到:                                                                                                                                                                                                                                                                              | Ytre Arna Sokn                                                                    |                                                                                                                                                                        |
| Received From                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |
| 金額:                                                                                                                                                                                                                                                                               | USD 1,986.51                                                                      |                                                                                                                                                                        |
| Amount                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |
| 項目:                                                                                                                                                                                                                                                                               | 擴建經費                                                                              |                                                                                                                                                                        |
| For                                                                                                                                                                                                                                                                               | Campus Development                                                                |                                                                                                                                                                        |
| 日期:                                                                                                                                                                                                                                                                               | 29-Jan-2026                                                                       | 經手人:                                                                                                                                                                   |
| Date                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                   | Received By                                                                                                                                                            |
| 備註:                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |
| Note                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                   |                                                                                                                                                                        |

本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。

## Fasteaksjonen

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp har tittelen «Håp i ein drope vatn». Kirkens Nødhjelp arbeider med naudhjelp i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera naud og fattigdom i verda.

Den årvisse innsamlinga var onsdag 9. april i regi av soknerådet. Det kom inn kr 14.441, -  
Takk til konfirmantane som gjekk med bøssene.



# Ytre Arna sokneråd

## Medlemer 2023-2027

|                          |                                    |
|--------------------------|------------------------------------|
| Jorunn Haukås            | leiar, fellesrådsrepresentant vara |
| Thor Kalland             | nestleiar, fellesrådsrepresentant  |
| Jan Olav Lien Hansen     |                                    |
| Vigdis Loftås            |                                    |
| Egil Landøy              |                                    |
| Marianne Vevle Hjortland |                                    |
| Terje Angeltveit         | varamedlem                         |
| Ingvar Fløysvik          | sokneprest                         |

Soknerådet hadde 9 møter i 2025, inkl. strategisamling saman med dei tilsette i januar.  
Ytre Arna sokn sitt årsmøte for 2024 vart avhalde 23. mars 2025.

## Tilsette

|                         |                       |           |                 |
|-------------------------|-----------------------|-----------|-----------------|
| Sokneprest              | Ingvar Fløysvik       | 100 %     |                 |
| Kyrkjetenar             | Monica Ohr            | 100 %     | Arna/ Ytre Arna |
| Ungdomsdiakon           | Maria Aasheim Grosås  | 100 %     | Arna/ Ytre Arna |
| Dagleg leiar            | Marianne W. Fanebust  | 100 %     | Arna/ Ytre Arna |
| Organist                | Jørn Skauge           | 50 %/40 % |                 |
| Styrar Noa open bhg.    | Møyfrid N. Opheim     | 50 %      | + 8 % reinhald  |
| Trusopplærar            | Marianne V. Hjortland | 30 %      |                 |
| Kyrkjetenar             | Jorunn Haukås         | time      |                 |
| Assistent Noa, reinhald | Jorunn Haukås         | time      |                 |

## Utoverretta kommunikasjon

### Kyrkjebladet

Kyrkjeblad kom ut til påske, skulestart og advent. Redaktør var Møyfrid Naterstad Opheim, redaksjonen bestod av Ingvar Fløysvik (leiar), Erik Rodal, Jorunn Haukås og Bjørg Marie Akse Kenefe.

### Mottak og distribusjon

Kyrkjebladet vert trykt hos Unigrafisk AS på Arnatveit. Helge Bognøy leverer blada til bladboda. Nesten alle husstandar i Ytre Arna får Kyrkjebladet heim i postkassen.

### Nettsida og Facebook

[kyrkja.no/ytrearna](http://kyrkja.no/ytrearna)

[facebook.com/ytrearnakyrkje/](https://facebook.com/ytrearnakyrkje/)



# Statistikk

Ytre Arna sokn

**Talet på medlemmer**      0–100+ år      1628 medlemmar  
                                          0-18 år            273 medlemmar


**Innmelding**            3

**Utmelding**            6

| Ytre Arna sokn     | 2019    | 2020    | 2021    | 2022    | 2023    | 2024   | 2025    |
|--------------------|---------|---------|---------|---------|---------|--------|---------|
| døyppte*           | 16 (14) | 19 (18) | 11 (9)  | 15 (13) | 13 (11) | 9 (4)  | 8 (6)   |
| konfirmerte        | 25      | 20      | 12      | 24      | 20      | 18     | 18      |
| vigsel             | 2       | 1       | 0       | 2       | 2       | 1      | 1       |
| gravferd**         | 11 (6)  | 25 (12) | 22 (10) | 16 (10) | 23 (13) | 19 (7) | 23 (13) |
| gudstenester       | 30      | 33      | 46      | 31      | 36      | 34     | 31      |
| snitt delt. gudst. | 78      | 45      | 29      | 66      | 54      | 57     | 60      |

\* tal i parentes: døyppte i Ytre Arna kyrkje.

\*\* tal i parentes: vart forretta i Ytre Arna kyrkje.



Medlemmar fordelt etter alder.

# Bygg

## Kyrkja

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia er Bjarte Husa. Uteområda held Akasia sine gartnere i god orden. Akasia Renhold AS står for reinhald i kyrkja.

## Kyrkjelydshuset

På hausten vedtok soknerådet at det nedsenka taket i storsalen skulle takas ned pga. dårlege lydtilhøve. I romjula var det rive-dugnad. På nyåret 2026 skulle fagfolk gjere jobben med å lage nytt tak, installere ny belysning, måle vegger og leggje nytt golvbelegg.



## Husstyret

Helge Bognøy og Jan Olav Lien Hansen følgjer opp drifta av huset; m.a. brannansvar for bygget, løpande vedlikehald, innkjøp av forbruksvarer mv.



## Konsert, middag og basar

Til inntekt for drift og vedlikehald av kyrkjelydshuset. Komité: Jorunn Haukås, Kirsti Rolland, Alise Bjørnstad og Marit Blomdal. Til basaren 22. mars vart det selt lodd og årer for kr 48.278, -

## Utleige

Ytre Arna Sanitetsforening leiger fast til Eldretreff, medlems- og styremøter. Dei gjer ein flott innsats for at Ytre Arna framleis skal vere eit trygt og godt lokalsamfunn for unge og eldre.

Kyrkjelydshuset var utleigd til medarbeidarar 6 gonger, andre 4, og eit årsmøte. Samla innbetalt leige var kr 12.250, -

# Økonomi

## Rekneskapsførsel og revisjon

Ytre Arna sokn sin rekneskapsførsel ivaretaast av Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Dagleg leiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, innkjøp, samt å leggje frem økonomiske rapporter og årsrekneskap for soknerådet. Ytre Arna sokneråd godkjenner årleg budsjett for soknet. Det er Ytre Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2025. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 368.603. Fastsettinga av årets meir- og mindreforbruk vert vedteke av soknerådet.

## Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

### Ytre Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ vert avgjort gjennom demokratiske val. Dei 6 medlemmene i Ytre Arna sokneråd vert valde av medlemene i soknet kvart 4. år. For perioden 2024-2027 er fordelinga av dei faste folkevalde medlemmene i rådet 3 kvinner og 3 menn.

### Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Ytre Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Ytre Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeidsavtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

### Avgrensingar

Ytre Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til eigne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrse i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett utanfor kyrkja og i kyrkjelydshuset.